



AVTALE

mellom

Alver kommune

Og

Håkon Furnes

Eigar av gnr.328 bnr.14 i Alver kommune

Avtala gjeld bygging av VA-anlegg Myrvollane-Moldekleiv

Mellom Alver kommune og eigar av gnr.328 bnr.14 i Alver kommune er inngått følgjande avtale om nytt VA-anlegg, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

Alver kommune har rett til å leggja og ha liggjande kommunal vassleidning på eigedom gnr.328 bnr. 14 . Plassering av leidningane er synt på vedlagde kart i målestokk 1:500. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av leidningsanlegget.

1. Alver kommune har vidare rett til tilkomst til leidningsanlegget i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og fornying, herunder rett til å nytte private atkomstveger.
2. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
3. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedommen som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst, eventuelt skjønn. Skader ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal bli handtert på same måte.
4. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningen. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Vidare må det tett inntil leidningsanlegget visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegget. Ein føreset at leidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, pløying og liknande kan utførast over leidningen.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå dette føreseget.



ALVER
KOMMUNE

5. Som vederlag for ulemper grunneigaren vert påført ved legginga, bandlegging av arealet og kommunen sin rett til seinare ettersyn, utbetringar og vedlikehald, betalar kommunen ein eingongssum som er sett til følgjande og basert på offisielle gardskart på skogoglandskap.no:

over full- og overflatedyrka mark	kr 30,- per m grøft
over innmarksbeite	kr 20,- per m grøft
over anna areal	kr 5,- per m grøft
over produktiv skog	kr 16,- per m grøft
kummar	kr 1000,- per kum

Endeleg oppgjer finn stad etter oppmåling når anlegget er fullført.

6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Alver kommune, saman med grunneigar, føreta synfaring.
7. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Alver kommune betalar tinglysingskostnadane.
9. Signaturer

Stad og dato: Bergen 14/2-23

Stad og dato: Frekhaug 5/7-23

Eigarar av gnr.328-bnr.14

Håkon Furnes

Håkon Furnes

Personnr. [REDACTED]

Alver kommune


Sara H. Sekkingstad

Org nr: 920 290 922



TEGNFORKLARING

Eksisterende	Prosjektert
	Vannledning (VL)
	Spillvannsledning (SP)
	Overvannsledning (OV)
	Drensledning (DR)
	Pumpeledning spillvann (SPP)
	Ledning utgå
	Stakekum (S/O)
	Vannledningskum m/brann- og stengeventil (V)
	Eiendomsgrense
	Gjerde
	Steingard
	Støttemur



Rev.	Dato	Sign.	Revisjonen gjelder
			Oppdragsgever
Alver kommune - Teknisk forvaltning og drift			
Prosjekt			
Tegn.	Konst.	Godt.	
THF	ANH	THF	
Dato:	25.10.22		
VA-plan Gnr/Bnr. 328/14, 27.			
Målestokk: 1:500/A3			
Prosjektør			
Kanalbeten S			
4040 Bergen			
Tlf: 55 99 60			
e-post: post@haugenwva.no			
Tegningnr.			
22034			
Rev.			
GH110			

haugen wva